

Retningslinjer for startlån og bustadtilskot i Hareid kommune

Retningslinjer for startlån i Hareid kommune

Vedtatt av Hareid kommunestyre i sak PS 39/25 26.05.2025 og revidert i sak PS 47/26 21.05.2026.

1. Innleiing

Desse retningslinjene byggjer på forskrift om lån frå Husbanken (FOR-2019-11-18-1546) og Husbanken sin rettleiing (HB 7.B.19).

2. Formål

Startlån skal hjelpe personar med langvarige utfordringar med å finansiere bustad med å skaffe eller behalde ein eigna og nøktern bustad.

3. Kven kan få startlån?

Søkjjar må:

- Ha fått avslag på lån, eller ikkje tilstrekkeleg lån i vanleg bank
- Ha evne til å betene lånet over tid

Prioriterte grupper:

- Barnefamiliar eller personar med sosiale/helsemessige utfordringar
- Langvarig vanskelegstilte (3–5 år)
- Dei som frigjer kommunal bustad
- Dei som treng refinansiering for å unngå tvangssal

Krav til butid:

Som hovudregel skal søkjar ha vore folkeregistrert i kommunen i minimum eitt år før tildeling av startlån eller tilskot. Kravet kan fråvikast etter ei konkret og individuell vurdering. Unntak kan til dømes gjerast dersom søkjar har arbeidsforhold i kommunen, har nær familiær tilknytning til kommunen, eller der det av omsyn til barn eller andre særlege behov hastar å få på plass ein stabil og trygg busituasjon.

4. Kva kan ein få startlån til?

- Kjøp av bustad
- Bygging av ny bustad
- Utbetring eller tilpassing
- Refinansiering av bustadlån for å unngå tap av bustad

Bustaden må vere eigna, nøktern og innanfor prisnivået i Hareid kommune. Bustaden skal liggje i kommunen og vere ein heilårsbustad. Startlån kan nyttast som fullfinansiering eller som tillegg til anna lån (toppfinansiering).

5. Sikkerheit og forsikring

Bustaden må vere godkjent av kommunen før søkjar legg inn bod. Startlånet skal sikrast med pant i bustaden og det skal liggje føre dokumentasjon på fullverdiforsikring.

6. Renter, avdrag og gebyr

Startlån vert gitt med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og nedbetalingsvilkår. Kommunen tek eit rentepåslag på 0,25 % til å dekke administrative kostnader, jamfør forskrift om lån frå Husbanken, paragraf 8-5.

7. Saksgang

- Søknad skal sendast digitalt via Husbanken
- Saksbehandling skjer når komplett dokumentasjon er levert
- Budsjettvurdering vert gjort etter SIFO-modell
- Vedtak gjeld i 3 månader, med moglegheit for forlenging
- Søknadar om startlån vert behandla administrativt av kommunen
- Administrasjonen skal årleg rapportere om forvaltninga av startlån og bustadtilskot til kommunestyret/formannskapet/levekårsutvalet, inkludert nøkkeltal og utviklingstrekk.

8. Klage

Vedtak kan klagast på innan 3 veker etter mottak. Klaga vert først behandla av førsteinstansen (administrasjonen). Dersom vedtaket blir oppretthalde, vert klagesaka lagt fram for formannskapet som er kommunen si klagenemnd.

Retningslinjer for bustadtilskot i Hareid kommune

1. Formål og heimelsgrunnlag

Formålet med bustadtilskot er å hjelpe eldre personar, og enkeltpersonar med langvarig låg inntekt og/eller nedsett funksjonsevne til å:

- kjøpe eigen bustad
- tilpasse eigen eller leigd bustad
- få naudsynt refinansiering for å kunne behalde bustaden

Tilskot til kjøp og tilpassing av bustad er regulert i lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot kapittel 2, §§ 14–15.

2. Kven kan få tilskot?

Tilskot vert gitt etter individuell og streng økonomisk behovsprøving. Kommunen prioriterer:

- Personar med nedsett funksjonsevne som har behov for å tilpasse bustaden sin
- Eldre som ønsker å tilpasse bustaden sin for å kunne fortsette å bu heime
- Barnefamiliar som har behov for ein stabil og trygg bustad
- Husstandar med langvarig og dårleg økonomiske situasjon

Krav til butid:

Som hovudregel skal søkjar ha vore folkeregistrert i kommunen i minimum eitt år før tildeling av startlån eller tilskot. Kravet kan fråvikast etter ei konkret og individuell vurdering. Unntak kan til dømes gjerast dersom søkjar har arbeidsforhold i kommunen, har nær familiær tilknytning til kommunen, eller der det av omsyn til barn eller andre særlege behov hastar å få på plass ein stabil og trygg busituasjon.

3. Kva kan tilskotet nyttast til?

- Bustadetablering saman med startlån
- Tilpassing av bustad (t.d. bad, inngang, trappeheis)
- Utreiing og prosjektering av tilpassing
- Husstandar med langvarig og dårleg økonomisk situasjon kan få tilskot som eit supplement der startlån åleine ikkje er tilstrekkeleg

4. Vilkår

- Tilskot vert som hovudregel gitt berre éin gong per husstand
- Som hovudregel ikkje til husstandar med nettoinntekt over 3 G per vaksen eller formue/eigenkapital over kr 100 000
- Kostnadar må dokumenterast (faktura, kvittering)
- Tiltak skal vere i tråd med plan- og bygningslova og utførast av godkjende leverandørar
- Tilskot kan kombinerast med startlån

5. Utbetaling og tilbakebetaling

- Utbetaling skjer i takt med dokumentert framdrift eller ved ferdigstilling
- Tilskotet vert avskrive med 5 % årleg i inntil 20 år
- Ved sal innan avskrivingsperioden, skal resttilskot betalast tilbake
- Tilskot kan krevjast heilt eller delvis tilbake ved brot på vilkår
- Tilbod om tilskot er gyldig i 3 månader frå vedtaksdato. Frist kan forlengast ved behov

6. Saksgang og klage

- Søknadar om tilskot vert behandla administrativt av kommunen
- Vedtak kan klagast på innan 3 veker etter mottak
- Klager behandlast først av førsteinstansen (administrasjonen), og deretter av formannskapet som er kommunen si klagenemnd dersom nødvendig